



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Planavdeling

Vår ref:
2023/17-32

Sakshandsamar:
Anne Sæther Lislevand
anne.saether.lislevand@bykle.kommune.no

Dato:
08.05.2024

Kommuneplanens samfunnsdel. Offentleg ettersyn.

I samsvar med plan og bygningslova § 11-14 sender vi forslag til kommuneplanens samfunnsdel for Bykle kommune ut på høyring og offentlig ettersyn. Saka vart handsama av kommunestyret i møte 25. april 2024, saksnr: 32/24, der følgande vedtak vart samrøystes vedteke:

Kommunestyret vedtek å leggje forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel ut på offentlig ettersyn og høyring etter plan- og bygningslova § 5-2 og § 11-14.

Planen er eit resultat av politiske drøftingar, gir utdjuping av kva som ligg i kommunen sin visjon «Bykle ser langt» og omtalar satsingsområde for gjeldande valperiode. Planforslaget er tufta på eit omfattande kunnskapsgrunnlag om hovudtrekk ved utviklinga i Bykle kommune.

Opne folkemøte

I samband med høyringa inviterer ordførar til opne folkemøte i Bykle kyrkjebygd og på Hovden. I møta vil planforslag bli lagt fram og det blir høve til å drøfte satsingsområda og anna i planen. Det blir og lagt fram ei førebels analyse av ringverknader av hyttebygging for Bykle kommune.

Hovden grendehus – 21. mai kl. 18.00.

Bykle samfunnshus – 22. mai kl. 18.00

Digital medverknad

Innbyggjarar i Bykle blir og invitert til å gje innspel til satsingsområda for perioden digitalt før folkemøta. Link til denne spørjeundersøkinga er å finne på kommunens heimeside:

<https://www.menti.com/> - påloggingskode: 8136 8105

Høyringsdokumenta er å finne på kommunens heimeside: [Samfunnsdelen i kommuneplanen - Bykle kommune](#)

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel kan rettast til Bykle kommune, planavdelinga, Sarvsvegen 14, 4754 Bykle eller på e-post: postmottak@bykle.kommune.no, innan **30. juni 2024**. Merk innspel med saksnr: 2023/17.

Med helsing
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå
Plansjef

Anne Sæther Lislevand
Rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.